

Kjære medlemmar,

Trondheim Juni 2023

Snart sommarferie og tid for ei lita oppdatering frå styret. Dette kvartalet har vi arbeidd med oppdatering av prosedyrer for faggruppa. Vi har gitt innspel til fagutvalget i NFF som reviderer kriteria for å bli spesialist på dei ulike fagfelt. I dag er det krav om Masterutdanning, i tillegg til hospitering og veiledning. Noko som drøftast er om det burde vere krav om fleire kliniske kurs for å bli spesialist. I tillegg har faggruppa gitt innspel til fagseksjonen på kva kurs faggruppa ønsker å prioritere i perioden 2024-2026. Det er fortsatt tid til å gi innspel, så ta kontakt om du har synspunkt!

Vi ser at stadig fleire følger med på tidsskriftet [Tidsskrift for barne- og ungdomsfysioterapi](#). Den nye redaksjonen er godt i gang- og dei har ei ny kontakt e-postadresse redaksjonBUF@fysio.no Vi ønsker at tidsskriftet skal ivareta den erfaringsdelinga som det gamle fagbladet vårt "Barnestafetten" hadde, så ta kontakt om stort og smått som foregår på arbeidsplassen din!

2. juni var faggruppa invitert til Folkehelseinstituttet for møte i ressursgruppa for det nye kompetansemiljøet for helsestasjon og skolehelsestasjon. I tidsskriftet kan du lese meir om møtet og om arbeidet med denne storsatsinga, som vi akter å vere ein aktiv del av [Barne- og ungdomsfysioterapeuter trengs inn i kompetansemiljøet](#)

BUF arbeider med innspel til Helsedirektoratet om utarbeiding av bemanningskalkulator for ungdomsskolen. Vi er bedt om å tidfeste eit minstemål på kor mykje kommunane bør tilby av fysioterapeut i ungdomsskolen. Dette framstår som ei vrien oppgave så lenge dei ulike yrkesgruppene ikkje har definerte oppgaver gjennom nasjonale retningslinjer for helsestasjon og skolehelsetjenesten. Men, det førelegg alt ein bemanningskalkulator for helsestasjonen, så vi satser på å få til noko tilsvarande for ungdomsskolen også [Bemanningsbehov i helsestasjon 0-5 år - Helsedirektoratet](#)

8 juni representerer styremedlem Vegard Kristiansen faggruppa ved befaring i Stavanger gjennom "Nasjonalt nettverk for bedre uteområder i skoler og barnehage" som vi er ein del av. Vi er spente på det vidare tverrfaglege samarbeidet i denne gruppa. [Nasjonalt nettverk - Tverga](#)

Følgande medlemmar i BUF fekk innvilga stipend til kurs/konferansar dette halvåret: Linda Graucob Rubach, Helene S. Gjerde, Kristin Snøan, Ulrika Skjellvik Tollefsen, Hanne Henriksen, Hilde Kosmo Alstad, Kristina Smogeli, Maria Therese Heltne, Ingunn Skår og Elsebeth Glad. Gratulerer! Styret er veldig fornøgd med at Årsmøtet 2023 vedtok forslaget vårt om å auke stipendsummen som eit ledd i å stimulere fleire til å kunne delta på kurs også i "dyrtid". Neste søknadsfrist er 1. november 2023.

Som du ser av kursoversikta er det fortsatt ledige plassar på kursa "Møt meg, støtt meg", "Ortopedi for barn og unge" og "Grunnkurs 0-18 år" i haust <https://norskfysioterapeutforbund.membersite.no/Events/ComingEvents> Faggruppa har hatt

mange kurs dei siste åra, for å ta igjen for manglande kurs under perioden med endring av kurstilbuda til NFF. Så, det er kanskje naturleg at det er fleire plassar ledige no enn vanlegvis, i tillegg til at det er “dyrtid”. Meld deg på og benytt deg av mulegheiten til å søke stipend frå faggruppa!


Vi fortset turneen med opplæring av kartleggingsverktøyet NUBU, denne gongen i samarbeid med region Nord i Bodø 1. september og med region Midt på Steinkjer 23. september. Meld deg på her <https://norskfysioterapeutforbund.membersite.no/Events/ComingEvents>

Faggruppa har fortsatt avtale med Universitetsforlaget om halv pris på NUBU-testar: bestillingslenke: <https://www.universitetsforlaget.no/nubu-4-16-testkoffert-1>

rabattkode: fysio

Kongresskomiteen er i full gang med planlegging av neste Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi som går av stabelen i Oslo 11-13 mars 2024. Så, reserver datoane alt no.

Riktig god sommar til alle! Måtte det bli sol og varme over heile landet 😊



På vegne av styret i BUF,

Faggruppeleder Ingunn Skogseth-Stevens

barneogungdom@fysio.no